# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

*Arkiv nr: 335.2*

Sak nr 11/2024 Møtedato: 10.04.2024 Møtestad: Slidre Saksbehandlar: Kenneth Monsen

**S 764, Kvålsstøl – overføring av støl**

**NYE OPPLYSNINGAR I SAKA PÅ SIDE 2:**

Steinar Lagrud som driv med mjølk på G/Bnr 76/2, søkjer om å overta støl: S 764. Denne ligg inntil hans eigen støl ved Kvålsstøl. Begge stølar er i drift – Lagrud sin med mjølk, den som ynskjes overtake S764 – eigd av Bjørn Ingar Vistehagen er i drift med slått.

Grunngjeving for overtaking går frem av søknad.

Lovgrunnlaget finst i Fjellova § 20:
*Seter i statsallmenning kan med samtykkje frå fjellstyret overførast til bruk for ein annan eigedom som har rett til seter i allmenningen.*
*Utvist tilleggsjord kan med samtykke frå departementet overførast til bruk for ein annan eigedom med beiterett i allmenningen.*

Det er ein føresetnad her at støl er i bruk – noko som er tilfelle her.

Fordeler:
Det som er noko særskilt med denne saka er at den som ynskjer å overta stølen (Lagrud), allereie har ein støl. Imidlertid har dei rett til å kunne bygge kårsel då det er bruk for dette i samband med mjølkedrift. Siden denne nabostølen ligg inntil, finn dei det rasjonelt å kunne overføre støl slik at Lagrud heller tek dette i bruk som kårsel og slepp dermed å bygge nytt sjølv.

Det som og taler for denne løysinga, er at det bruket stølen S764 høyrer til er eit tidlegare bruk (G/Bnr 74/9) der hus er frådelt så det ligg i dag som ein utmarkseigedom på 25 daa. Dette bruket er i dag et tilleggsbruk til Vistehagen sin hovudeigedom 75/12 – som også har eigen støl (S 774) på Rensenn. Hovudbruket vert dermed fullt ivaretake/ er fortsatt intakt sjølv om ein deler i frå denne stølen ved Kvålsstølen.

Ulemper:
Det som kan vere ei ulempe med ein slik frådeling av støl er at det kan vere ein verknad at dersom det gamle tilleggsbruket 74/9 fortsatt er å rekne som bruksberettiga – og dersom dette skulle bli seld sjølvstendig (avgjøres i kommunen og ikkje i fjellstyret) – kan dei på eit seinare tidspunkt be om ny stølsutvisning. Då er det uheldig å ha frådelt den gamle stølen på eit tidlegare tidspunkt.

Dette er diskutert med søkjer, og Vistehagen skriv i søknad at dei sjølv ynskjer å få samanføyd resterande del av 74/9 med hovudbruket (75/12) – då unngår ein at dette i ettertid vert å rekne som ein bruksberettiga eigedom. Dette må imidlertid avgjerast i kommunen, og det er mogleg å setje føresetnader i vårt vedtak om at dette skal gjennomførast før fjellstyret iverksett sin tildeling – dersom fjellstyret finn at dette er viktig å ivareta.

Ei anna potensiell ulempe kan vere at fjellstyret har tidlegare hatt ei haldning til at kårsel skal plasserast i tunform med hovudsæl/anna bygningsmasse. Dette går ikkje i dette tilfellet. Her er imidlertid bakgrunns-situasjonen annleis, så ein kan vanskeleg sjå at dette gjev noko negativ presedens samanlikna med oppføring av nye kårsel – då det er ein heilt anna situasjon. Det kan imidlertid vere eit vilkår at dersom bygningsmassen på kårselet skal rivast/byggast nytt – må denne då førast opp i tunform med S 974.

Med tanke på den pålagte stølsgjennomgangen fjellstyret skal gjennomføre kvart 10 år – er det viktig å definere at denne stølen som overtas (764) er i drift i dag, slik at ein ivaretek den historiske drifta som har vært gjennomført her.

Saksgang:
Fjellova legg all avgjersle i slike saker til Fjellstyret. Imidlertid skal det gjennomførast ein høyringsrunde med dei mest nærliggande stølane. I den samanheng er det og greitt å kunne ta med Statskog som høyringspart, sjølv om dei ikkje er direkte part i dette.

Dersom fjellstyret viser ei positiv haldning til denne stølsoverføringa, gjev ein og mulegheit for Vistehagen å kunne iverksetje samanføyning av begge gardane slik at dette er klart til evt vedtak i saka.

Oppsummert:

I denne saka er det mange moment som taler for at dette er ei god løysing for båe partar. Ein ser heller ingen negative verknader for landbruksdrift i nærområdet – då arealet er allereie take i bruk. Dette er og ein støtte reint arealmessig til eit mjølkebruk i drift – noko som er særs positivt. Dette oppveier etter administrasjonen sitt syn evt negative potensielle verknader som at kårselet vert plassert eit stykke unna hovudselet.

Administrasjonen sin tilråding til vedtak som vektlegg fordelene med saka jfr saksutredning:
Fjellstyret er positiv til overføring av støl S764 til G/Bnr 76/2 – Steinar Lagrud. Føresetnad for godkjenning er at bruket 74/9 vert samanføyd med hovudbruket 75/12, slik at det ikkje lenger er bruksrett på 74/9 (det inneber at 74/9 ikkje lenger er eit sjølvstendig bruk).
Heimel er Fjellova § 20.

Alternativt vedtak:
Fjellstyret avslår søknad om overføring av støl. Grunngjeving er at det som ynskjes som kårsel ikkje vert plassert i tunform. Heimel er Fjellova § 20

**Framlegg til vedtak:**
Fjellstyret er positiv til overføring av støl S764 til G/Bnr 76/2 – Steinar Lagrud. Føresetnad for godkjenning er at bruket 74/9 vert samanføyd med hovudbruket 75/12, slik at det ikkje lenger er bruksrett på 74/9 (det inneber at 74/9 ikkje lenger er eit sjølvstendig bruk).
Det er og eit vilkår at dersom bygningsmassen på kårselet skal rivast/byggast nytt – må denne då førast opp i tunform med S 974.
Heimel er Fjellova § 20.

Saka vert sendt på høyring før det vert fatta endeleg vedtak.

**Vedtak I SAK 26/2023:**
Fjellstyret er positiv til overføring av støl S764 til G/Bnr 76/2 – Steinar Lagrud. Føresetnad for godkjenning er at bruket 74/9 vert samanføyd med hovudbruket 75/12, slik at det ikkje lenger er bruksrett på 74/9 (det inneber at 74/9 ikkje lenger er eit sjølvstendig bruk).
Det er og eit vilkår at dersom bygningsmassen på kårselet skal rivast/byggast nytt – må denne då førast opp i tunform med S 974.
Heimel er Fjellova § 20.

Saka vert sendt på høyring før det vert fatta endeleg vedtak.
*Samrøystes vedteke*

**NYE OPPLYSNINGAR I SAKA:**

Saka er sendt på høyring, med info til Statskog. Det er ikkje komme inn merknader.

Det er no i epost frå Vestre Slidre kommune v/ Lars Brestad bekrefta at bruket 74/9 er samanføyd inn saman med 75/12. Det inneber at 74/9 ikkje lenger er eit sjølvstendig bruk/ ikkje reknes som sjølvstendig jordbruksmessig eining, og vil difor ikkje lenger ha sjølvstendige rettigheiter i statsallmenninga.

Det er ein føresetnad i denne saka at opphavleg gardsbruk 74/9 ikkje «oppstår att» på eit seinare tidspunkt.

Administrasjonen tilrår med dette ein overføring av støl S764 som går over til G/Bnr 76/2.
Føresetnad som nenmd tidlegare: dersom bygningsmassen på kårselet skal rivast/byggast nytt – må denne då førast opp i tunform med S 974.

**Framlegg til vedtak:**
Fjellstyret vedtek med heimel i Fjellova § 20 overføring av støl S764 til G/Bnr 76/2 – Steinar Lagrud.
Føresetnad for godkjenning er allereie oppfylt, med at bruket 74/9 er samanføyd med hovudbruket 75/12, slik at det ikkje lenger er bruksrett på 74/9 (det inneber at 74/9 ikkje lenger er eit sjølvstendig bruk, og at dette ikkje oppstår att som eit sjølvstendig bruk).

Det er og eit vilkår at dersom bygningsmassen på kårselet skal rivast/byggast nytt – må denne då førast opp i tunform med S 974.

**Vedtak:**
Fjellstyret vedtek med heimel i Fjellova § 20 overføring av støl S764 til G/Bnr 76/2 – Steinar Lagrud. Føresetnad for godkjenning er allereie oppfylt, med at bruket 74/9 er samanføyd med hovudbruket 75/12, slik at det ikkje lenger er bruksrett på 74/9 (det inneber at 74/9 ikkje lenger er eit sjølvstendig bruk, og at dette ikkje oppstår att som eit sjølvstendig bruk).

Det er og eit vilkår at dersom bygningsmassen på kårselet skal rivast/byggast nytt – må denne då førast opp i tunform med S 974.

Samrøystes

*Vedtak om utvising av tilleggsareal er enkeltvedtak etter forvaltningslova og det er klagerett over vedtaket jf. reglane i forvaltningsloven.*

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument.*
*Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 11.04.2024

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Vestre Slidre kommune
Astrid Haugli, Hagabekkvegen 71, 2960 Røn
Ola Hambro, Bergheimsvegen 40, 2960 Røn
Kjersti Margrethe Kavli/ Morten Reina, Frøyas veg 19, 3472 Bødalen
Bjørn Ingar Vistehagen, Tyinvegen 1260, 2960 Røn
Steinar Lagrud, Rønsvegen 575, 2960 Røn
Statskog